


Berørte parter og offentlege instansar

Dato: 04.09.2024

Varsel om oppstart og høyring av forslag til planprogram for områderegeringsplan for Stranda, Florø vest, Bustad m.m., PlanID 20240003

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-2 og 12-8 blir det varsla om oppstart av områderegeringsplan på Stranda, Florø vest i Kinn kommune. Registrerte grunneigarar, festarar og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet, samt naboar til planområdet og offentlege instansar, blir med dette varsla direkte.

Det er inngått samarbeidsavtale mellom Kinn kommune og Kystbyen AS om utarbeiding av områderegeringsplanen. Utførande plankonsulent er Nordplan AS.



1 Oversiktskart som viser planområdet med raud stipla sirkel


Bakgrunn for planarbeidet

Det har dei siste tiåra blitt utvikla fleire idèkonsept for utviklinga av Stranda i Florø. Prosessen har no leia fram til at det er behov for ein områderegeringsplan for å legge klare rammer for framtidig bruk av området. Kommunedelplan for Florø sentrum er overordna plan for området og det er behov for nærare avklaringar i reguleringsprosessen.

I oppstartsmøte med Kinn kommune 24. april 2024 vart det tilrådd oppstart av planarbeid. Sjå vedlagt referat frå oppstartsmøtet for meir informasjon.

Gjeldande arealplanar

Planområdet er avsett bustad, næring, sentrumsføremål, hamn, ferdsel, friområde og infrastruktur i Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022 (02.10.2018). PlanID 140120170002. KDP set krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. føresegner kapittel 2.1.



2 Planområdet vist med svart stipla linje, ift. kommunedelplan og gjelande reguleringsplanar

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

- Detaljreguleringsplan Fugleskjærskai kollektivterminal (09.06.2015). PlanID 140120120107.
- Detaljreguleringsplan Samanbinding Rv 5 Havrenesvegen (04.10.2016). PlanID 140120120110
- Fugleskjærskai/Strandavegen, gbnr. 202/151 m.fl. (12.12.2006). PlanID 140120060130


Tilgrensande reguleringsplan som er under arbeid:

- Reguleringsplan for rv. 5 Markegata, Florø sentrum. PlanID 20230002. Varsla plangrense overlappar med denne planen og ein vel gjennom planprosessen tilpasse seg til denne planen.

Formålet med planarbeidet

Målet for prosjektet er legge til rette for byutvikling med transformasjon av eit industriområde på Stranda. Ein ønskjer å opne for utbygging av bustadar i kombinasjon med næring, kontor og forretning, samt å etablere molo med kai/båthamn og 'Den blå promenade'.

Som ein del av planarbeidet skal ein finne løysingar for infrastruktur til utbyggingsområdet. Det å etablere god tilkomst frå rv. 5 Fugleskjærgata til utbyggingsområdet med trafiksikre løysingar for gåande og syklende vil vere ein viktig del av planarbeidet. Utviklinga i området er også viktig for å oppgradere det visuelle inntrykket ved innseglinga til Florø.



3 Planavgrønsing synt med svart stipla linje, samt sentrale gards- og bruksnummer og stadnamn

Planavgrønsinga er ikkje endeleg fastsett og kan bli redusert gjennom planprosessen.

Krav om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven (FOR-2017-06-21-854) er gjennomgått og ein har vurdert at planforslaget medfører krav om konsekvensutgreiing, jf. § 6. Områdereguleringsplanen fastset rammer for tiltak i vedlegg II punkt 10 b) og punkt 11 k). Dersom planforslaget opnar for næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og/eller bygg til almennyttig føremål med eit større omfang enn dei avgrønsingane som er sett i KDP vil ein utløyse KU-krav også etter vedlegg II punkt 11 j).

Sjå kapittel 5 i planprogrammet for meir informasjon om tema for konsekvensutgreiinga.

Medverknad

Forslag til planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, samstundes som oppstart av planarbeidet blir varsla og kunngjort. Private og offentlege partar og interessentar blir tilskriva og invitert til å kome med innspel og synspunkt knytt til planarbeidet. Merknadar og innspel blir oppsummert og kommentert i eit eige skjema som følgjer saka som vedlegg til planforslaget.

Forslag til planprogram og oppstartsvarsel blir kunngjort i avisa Firdaposten 5. september 2024. Kunngjeringa og ytterlegare informasjon om planen blir tilgjengeleg på Kinn kommune og Nordplan AS sine nettsider.

I tillegg til varsling og høyring av forslag til planprogram blir det lagt opp til aktiv medverknad gjennom open plandag og informasjonsmøte i forbindelse med høyring og offentleg ettersyn.

Vi inviterer til open plandag på Florø kulturhus (møterom Stabben) 17. september kl. 13:00-19:00. Her kan alle som ønskjer, møte opp for å kome med innspel til planarbeidet og få avklara eventuelle spørsmål. Representantar frå Nordplan og Kinn kommune vil vere til stades for å ta i mot innspel og svare på spørsmål, og vi håpar at flest mogleg vil nytte moglegheita til å medverke.

Sjå kapittel 1.4.2 i planprogrammet for meir informasjon om opplegg for medverknad.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast på følgjande måtar:

- via svarfunksjonen i Altinn i forbindelse med digitalt planvarsel gjennom byggesoknaden.no,
- på e-post til ede@nordplan.no,
- ved brev til Nordplan AS avdeling Førde v/Elisabet Digernes Eikås, adresse Langebruvegen 9, 6800 Førde

Frist for innspel er sett til: 20. oktober 2024.

Kontaktperson for planarbeidet er

Elisabet Digernes Eikås
ede@nordplan.no
tlf: 416 95 037

Vidare saksgang

Når fristen for å kome med innspel har gått ut, vil forslag til planprogram bli bearbeida og deretter fastsett av kommunestyret. Alle skriftlege innspel vil bli dokumentert, kommentert og vurdert i planarbeidet.

Etter fastsetting av planprogrammet blir det utarbeidd eit planforslag. Planprogrammet dannar grunnlaget for dette arbeidet. Planforslaget blir sendt til første gongs handsaming i kommunen og deretter lagt ut til offentleg ettersyn. Berørte partar og offentlege instansar blir varsla skriftleg, samt at det blir kunngjort avisa Firdaposten og lagt ut på kommunen si nettside. Det blir på nytt anledning til å kome med innspel og merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Sjå planprogrammet kapittel 1.4.2 for meir informasjon om framdriftsplan for planarbeidet.

Forhandling om utbyggingsavtale

Det varslast oppstart av forhandling om utbyggingsavtale mellom Kinn kommune og Kystbyen AS i samsvar med pbl § 17-4. Formålet med utbyggingsavtalen er å bidra til gjennomføring av områdereguleringsplanen. Områdereguleringsplanen er under utarbeiding, og ei bindande utbyggingsavtale blir ikkje inngått før planen er vedteke.

Med helsing
for Nordplan AS

Elisabet Digernes Eikås
Arealplanleggar

Kopi til:
Kystbyen AS v/Vidar Grønnevik
Kinn kommune v/Janicke Svendal

Vedlegg:

- Forslag til planprogram, datert 02.09.2024
- Referat frå oppstartsmøte, datert 08.05.2024
- Kunngjeringsannonse Firdaposten 05.09.2024
- Planavgrensing, datert 02.09.2024
- Planinitiativ, 27.02.2024

Offentlege høringspartar:

Instans	E-post
Statens vegvesen	firmapost@vegvesen.no
Fylkeskommunen Vestland	post@vlfk.no
Statsforvaltaren Vestland	sfvlpost@statsforvalteren.no
NVE	nve@nve.no
Linja AS	post@linja.no
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
Fiskeridirektoratet	postmottak@fiskeridir.no
Kystverket	post@kystverket.no
Direktoratet for mineralforvaltning	post@dirmin.no
Avinor AS	post@avinor.no

Bergen Sjøfartsmuseum	marinarkeologi@museumvest.no
Luftfartstilsynet	postmottak@caa.no
Sogn og Fjordane fiskarlag	fiskarlaget@fiakarlaget.no
Flora Fiskarlag	ghseljeseth@gmail.com
Sogn og Fjordane Småfiskarlag	Ottar.nygaard@gmail.com
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane	Sognogfjordane@fnf-nett.no
Florø Bys Vel	eilid@online.no
Flora Hamn	hamn@kinn.kommune.no
Ungdomens kommunestyre i Kinn	kristin.maurstad@kinn.kommune.no
Rådet for funksjonshemma	norunn.stavo@kinn.kommune.no
Folkehelseavdelinga	elisabet.solheim@kinn.kommune.no
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	sognogfjordane@naturvernforbundet.no